



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 11.06.2018  
Vår ref.: 2014/20310-13  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.: 201834224-3

## **Lussand kraftverk - avgrensa høyring av detaljplan for miljø og landskap - fråsegn Hordaland fylkeskommune**

Viser til brev av 18.05.2018 med ovanfor nemnde sak til høyring, vår fråsegn datert 11.12.2014 i samband med planending (vår ref. 2014/20310), samt førespurnad frå Voss Energi Produksjon AS av 19.03.2018 vedrørande kulturminne.

Det gamle tun- og busetnadsområdet Giljarhus og gravhaugen, id. nr. 142950 og 142949, ligg om lag 70-80 meter nordaust og opp for næraste punkt for røyrgate, og vil ikkje verte berørt av tiltaket. Tunområdet er nemnt i gamle diplom fyrste gongen i 1293 og var Lyseklostergods fram til 1849. Elles er det ikkje SEFRAK-registrerte bygningar nærare planlagt tiltak enn 20 til 40 meter, både når det gjeld røyrgate og stasjonsområdet. Sjølve røyrgate skal i all hovudsak fylgja eksisterande veg. Arkeolog frå Fylkeskonservatoren har vore på synfaring i området og vurdert potensial for funn som lite.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Den omsøkte utbygginga vil ikkje koma i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av tiltaka i samband med kraftverket søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må Hordaland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Hordaland viser elles til fråsegn datert 11.12.2014 og har ingen andre merknadar til søknaden.

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*